

STATKRAFT ENERGI AS  
Postboks 200 Lilleaker  
0216 OSLO

Vår dato: 05.11.2018  
Vår ref.: 200701832-53  
Arkiv: 317  
Deres dato:  
Deres ref.:

Saksbehandler:  
Randi Holme  
22 95 95 18/rho@nve.no

## Oversending av revisjonsrapport – Statkraft Energi AS – Grytten kraftanlegg, Rauma kommune

Vi viser til revisjon av Statkraft Energi AS sitt internkontrollsystem for Grytten kraftanlegg i Rauma kommune og sender rapport frå revisjonen som vart gjennomført 23.-24. 10.2018. Revisjonen var varsla i brev datert 07.09.2018.

NVE registrerte ikkje avvik, det vart gitt to merknader. Rapporten skildrar dei merknadene som vart gitt. Det vart ikkje avdekket avvik under revisjonen, og tilsynssaka er med dette avslutta.

Med helsing

Ingunn Åsgard Bendiksen  
avdelingsdirektør

Mari Hegg Gundersen  
seksjonssjef

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.*

Vedlegg: 1 Revisjonsrapport

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no  
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



Kopi:                   STATKRAFT ENERGI AS v/Per Ivar Ingstad  
                          STATKRAFT ENERGI AS v/Trine Hess Elgersma

# Revisjonsrapport

Revidert eining:	Statkraft Energi AS, 987 059 729
Revisjonsdato:	23. – 24.10. 2018
Stad:	Grytten kraftanlegg, Åndalsnes
Medvirkande frå revidert eining:	Kraftverkssjef kraftverksgruppe Aura, Per Ivar Ingstad Miljø- og konsesjonsrådgivar, Trine Hess Elgersma Vedlikehaldsleiar, Grytten vedlikehaldsgruppe, Are Sæther Tilsynsansvarleg Grytten vedlikehaldsgruppe, Svein Magne Rygjord
Revisorar fra NVE:	Revisjonsleiar Randi Holme Medrevisor Katarina Eftevand
Seksjon	Seksjonssjef Mari Hegg Gundersen, TBMV

## 1 Innleiing

### 1.1 Bakgrunn og føremål med revisjonen

Miljøtilsynet består av ein systemrevisjon og ein anleggsinspeksjon. Etter § 7 i forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (FOR-2011-28 nr. 1058, IK-vassdrag) har NVE ansvar for å føre tilsyn med at forskrifta vert oppfylt.

Føremålet med ein systemrevisjon er å kontrollere at verksemda oppfyller kravet om å etablere eit internkontrollsystem for det enkelte vassdragsanlegg som sikrar at krav til natur, miljø og landskap vert teke i vare på ein tilfredsstillande måte i samsvar med vassdragslovgjevinga, forskrifter, konsesjonsvilkår, pålegg og godkjende detaljplanar.

Føremålet med å gjennomføre ein anleggsinspeksjon er å kontrollere at anlegget sin tilstand er i tråd med nemnde krav. For anlegg i driftsfasen er det lagt vekt på landskaps- og miljøtiltak som til dømes tersklar, kontroll og informasjon knytt til manøvreringsreglement, minstevassføring og rydding av elveløp/flaumløp. Forventa standard knytt til natur og miljø er å finne på NVE sine heimesider, blant anna i faktaarka «God praksis».

### 1.2 Revisjonsgrunnlag

I denne revisjonen var revisjonsgrunnlaget:

- Vassdragsreguleringslova
- Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (IK-vassdrag)
- Konsesjon til bygging og drift av Grytten kraftanlegg datert 31.07.1970 med tilhøyrande manøvreringsreglement
- Planar, med tilhøyrande vedtak om godkjenning av NVE
- Hydrologisk pålegg datert 10.12.1991
- Dokumentasjon som var sendt til NVE før revisjonen, intervju/samtalar og inspeksjon

### 1.3 Tema for revisjonen

Revisjonen omhandla følgjande tema:

- Rauma elv sin status som nasjonalt laksevassdrag
- Kartlegging av farer og problem (IK-vassdrag § 5-6)
- Konkretisering av vilkår og føresetnader (IK-vassdrag § 5-7)
- Registrering av avvik (IK-vassdrag § 5-8)

### 1.4 Funn

Ingen avvik

To merknader

Avvik er: Brot på krav i regelverk og løyve gitt i eller i medhald av energi- og vassdragslovgevinga og anna lovgjeving som NVE forvaltar.

Merknad er: påpekning av forhold med mogelegheit for forbetring eller eit forhold som bør vurderast nermare av verksemda, men som ikke er brot på gitte krav.

### 1.5 Generelle kommentarar

Revisjonen vart gjennomført i Statkraft Energi AS sine lokale på Grytten kraftanlegg. Det vart gjennomført inspeksjon av Rangåa og Mongebekken, som er sideelvar som renn ut i Rauma elv. Utløpet frå Grytten kraftstasjon vart og inspisert. Det vart gjennomført tre intervju; fellesintervju av tilsynsansvarleg og vedlikehaldsleiar i Grytten vedlikehaldsgruppe, og separate intervju av kraftverkssjef kraftverksgruppe Aura, og miljø- og konsesjonsrådgivar. Det vart gitt god og utfyllande informasjon, både under inspeksjonen og i intervju.

Som førebuing til revisjonen fekk NVE tilsendt skriftleg dokumentasjon av Statkraft sitt internkontrollsystem om skriftleg kartlegging av farer og problem/risikokartlegging, skriftlege rutinar som konkretiserer korleis vilkår og føresetnader skal følgjast opp, og skriftlege rutinar for handtering av avvik. Statkraft ga i tillegg utfyllande orientering om korleis verksemda er organisert med roller og ansvar, og om korleis internkontrollsystemet er bygd opp og tilpassa Grytten kraftanlegg.

*Fokusområde Rauma elv sin status som nasjonalt laksevassdrag:*

Statkraft har stort fokus på at manøvrering av kraftverket er i samsvar med gjeldande vilkår og manøvreringsreglement. Gjennom hydrologisk pålegg frå 1991, er Statkraft pålagt mellom anna å måle temperatur og vasstand i elva. Statkraft vurderer endringa i vasstand ved utfall/stans av kraftverket til å vere liten, men det er ikkje gjennomført måling av dette. Det er heller ikkje gjort samanlikning av temperatur oppstrams, i, og nedstrams avløpet frå kraftstasjonen for å identifisere eventuell temperaturpåverknad. NVE rår til at data som føreligg om vasstand og temperatur vert nytta aktivt for å kartlegge drifta av kraftverket sin eventuelle påverknad i elva, jamfør merknad nr. 2.

Det vart opplyst at det ikkje er registrert hendingar, som til dømes stranding av fisk og gassovermetning.

*Fokusområde kartlegging av farer og problemområde/risikokartlegging:*

Anlegget er kartlagt skriftleg med alle anleggsdelar, slik som tippar, vegar, elveløp m/sideløp, damanlegg, magasin m.m. Det er gjennomført skriftleg risikovurdering der lokalitetane har fått eit risikonivå. Lokalitetar der det er konkludert med betydeleg eller kritisk risikonivå er følgde opp med planlegging av konkrete tiltak. Ansvar for å følgje opp planlagde tiltak er klart plassert, og det er sett frist for gjennomføring.

Gjennomgang av miljøobjekta er planlagt kvart andre år, og risikoanalyse er planlagt å gjennomføre kvart år. Systemet som er etablert sikrar vurdering av objekta sin tilstand, og oppfølging med konkrete tiltak på der det er identifisert risiko. Vi viser til vår merknad nr. 1 om revisjon av risikoanalyse.

*Fokusområde konkretisering av vilkår og føresetnader:*

Statkraft la fram skriftlege prosedyrer, skjema og sjekklister for gjennomføring av tilsyn med fokus på miljø og landskap ved anlegget. Skjema som er utarbeidd gir god rettleiing om korleis tilsyn skal utførast. Skjekklisene er konkrete i forhold til kva som skal kontrollerast. Tilstanden på objekta vert dokumentert skriftleg og ved foto i egne rapportar etter tilsyn. Frekvens for gjennomføring av tilsyn er klart definert. Etter NVE si vurdering er det laga eit godt system for å oppfylle vilkår og føresetnader som gjeld for drift og vedlikehald av anlegget.

*Fokusområde avvikshandtering:*

Det er etablert eit skriftleg system for registrering og handtering/lukking av avvik for miljø og landskap. Avviksogrepet er konkretisert slik at tilsynspersonell kan identifisere og melde frå om avvik. Det er etablert ei god forståing av avviksogrepet, som medverkar til å oppfylle føresetnader og vilkår i drift- og vedlikehald av anlegget.

Etter NVE si vurdering er det etablert eit internkontrollsystem for anlegget som sikrar systematisk og god oppfølging av temaet miljø og landskap. NVE merker seg at Statkraft Energi gjennom dei siste åra har arbeidd strukturert med utviklinga av internkontrollsystem. For Grytten kraftanlegg sitt vedkommande kjem dette til uttrykk gjennom konkrete kartleggingar av miljøaspekt ved anlegget, risikovurderingar, tilsynsrutinar og avvikshandtering.

## 2 Skildring av merknader

Nr.	Beskrivelse av merknader
1	<p>IK-vassdrag § 5-6: <i>Den ansvarlige skal kartlegge farer og problemer med hensyn til miljø og sikkerhet og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og gjennomføre tiltak for å redusere risikoforholdene</i></p> <p>Prosedyre for revisjon av risikokartlegging er ikkje oppdatert og implementert i internkontrolldokumentet. Det er uklart kven som har ansvar, kven som skal medvirke ,og frekvens for revidering av risikoanalysen.</p>
2	<p>Hydrologisk pålegg datert 10.12.1991:</p> <p>Data frå hydrologisk pålegg som gjeld vassstemperatur og vassstand i Rauma elv kan nyttast meir aktivt for å kartlegge korleis Grytten-reguleringa kan påvirke endringar i vassstand og temperatur i Rauma elv. I tillegg kan ein gjennomgang av pålegget for å vurdere om det sikrar relevante måledata for å evaluere påvirkning i forhold biologiske verdiar i elva vere føremålstenleg.</p>